

Saksprotokoll 15.06.2020 - Kontrollutvalet

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og direktør i Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, orienterte om sitt syn på «Klage vedrørende ferjetilbod til Austevoll kommune» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune med fleire mottok 12.06.2020 e-post med 3 vedlegg frå Tore Hufthamar med slik tittel: «Hufthamar - Krokeide, det største fylkesvegferjesambandet i Vestland». Vidare kom det ny e-post 14.06.2020 med 2 vedlegg og slik tittel: «Kommentar møte i kontrollutvalget Vestland 15.06.2020, klage på ferjetilbod i Austevoll.»

Etter felles drøfting vart det semje om at punkt 2 i vedtaket skal sjå slik ut:

Kontrollutvalet ser dette som ei politisk sak som høyrer heime i andre politiske utval. Kontrollutvalet går ikkje vidare med saka.

Med denne endringa i punkt 2 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen om «Klage vedrørende ferjetilbod til Austevoll kommune» til orientering.
2. Kontrollutvalet ser dette som ei politisk sak som høyrer heime i andre politiske utval. Kontrollutvalet går ikkje vidare med saka.
3. Det vert likevel vist til punkt 3 i vedtak frå møte 21.04.2020 der kontrollutvalet vedtok å ta henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.